

**Myklebust trenar i Norheimsund****28.01.2009**

**Uskedelingen Lars Johan Myklebust (27) som tidlegare har spelt på Rosendal/Uskedal, returnerer til Norheimsund Fotball og går inn i trenarteamet til A-laget.**

Laget melder dette på nettsida si. Dermed blir Myklebust gjenforent med Johnny-Mikael Gallefoss, som han var lagkamerat med i NIL då dei spela i 2. divisjon.

Uskedelingen er no lærar i Bergen, utdanna trenar 2 og har bakgrunn frå Brann sitt andrelag og damelaget til Åsane.

Med dette har Norheimsund Fotball fått på plass ein høgt utdanna assistenttrenar med solid bakgrunn både som spelar og trenar, skriv innsida.no.